

Kultur- og likestillingsdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato	30.01.2023
Vår referanse	2022/97190-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Åge Avedal
E-post	Age.Avedal@vlfk.no
Telefon	97072734

Innspel frå Vestland fylkeskommune til regjeringa sin nye strategi for kulturfrivilligheita

Vi sender med dette over innspel til regjeringa sin strategi for kulturfrivilligheita og utgreiing av regionale kulturfond.

Innspelet er ei innstilling frå hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune til fylkesutvalet sitt møte 9. februar 2023. Innspelet er derfor sendt inn med atterhald om endeleg vedtak i fylkesutvalet.

Sjå vedlagte innspel.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur, idrett og inkludering (KII)

Ronny Bjørnar Skaar
seksjonssjef
KFO - Kulturutvikling

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Innspel frå Vestland fylkeskommune til strategi for kulturfrivilligheita

Innspel til regjeringa sin nye strategi for kulturfrivilligheita

Det er viktig og gledeleg at regjeringa vil legge fram ein strategi for kulturfrivilligheita, Strategien blir også sett i samanheng med regionale kulturfond.

Vestland fylkeskommune har jobba aktivt med å utvikle vår frivilligpolitikk gjennom m.a. kunnskapsgrunnlag om frivillig sektor¹ og frivilligstrategi for Vestland². Frivilligpolitikken til Vestland fylkeskommune femnar heile breidda innan frivillig sektor, og frivillig kulturliv er ein sentral del av dette. Vestland fylkeskommune skal vedta regional plan for kultur, idrett og frivilligheit³ våren 2023. Frivillig sektor vil ha ein sentral plass i den regionale planen og i handlingsprogrammet knytt til denne.

Innspele våre er lagt inn som svar på spørsmåla som regjeringa stiller gjennom invitasjonen om å komme med innspel til strategien. Innspele er fordelt på fem område.

1. Brei deltaking og tilgang på kunst og kulturaktivitet i heile landet

Kva er dei største utfordringane for at fleire skal kunne delta i kulturfrivilligheita?

Dei største utfordringane knytt til deltaking i kulturfrivilligheita handlar om barrierar knytt til privatøkonomi, funksjonsnedsetting og ikkje-vestleg etnisk bakgrunn. Ei rekkje undersøkingar slår dette fast. Vi vil peike spesielt på Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor sin rapport *Sosial ulikhet i barn og unges deltakelse i organiserte fritidsaktiviteter*⁴ frå 2020 og *Barnefamiliepanelet*⁵ i Vestland frå 2022. Vestland fylkeskommune gjennomførte ei undersøking blant regionale frivillig organisasjonar i 2020⁶ som slår fast dei same utfordringane.

Kva slags erfaringar har lag og foreiningar gjort seg under og etter koronaen?

Koronapandemien pregar framleis frivilligheita. I rapporten *frivillig sektor etter pandemien*⁷ blir det peikt på synkende aktivitet innan alle område av frivillig sektor, og at 1 av 3 organisasjonar opplever utfordringar med rekruttering av nye medlemmer og frivillige. I samband med søknader om driftstilskot til frivillige regionale barne- og ungdomsorganisasjonar i 2022 bad Vestland fylkeskommune om at organisasjonane skulle legge inn medlemstal for 2019, 2020 og 2021. Dei 20 organisasjonane som søkte i ordninga har i snitt hatt ein nedgang i talet på medlemmer på 20 % frå 2019 til 2021.

Kva kan gjerast for å nå grupper som i mindre grad deltek og inkludere fleire i aktivitetar?

Det krevst ulike verkemidlar for å nå gruppene som deltek i mindre grad og inkludere fleire i aktivitetar. Det trengst økonomiske verkemiddel gjennom offentlege tilskot til inkludering i frivillige kulturorganisasjonar. Det trengst økonomiske bidrag til kontingenter, aktivitetsavgifter og utstyr til personar og familiar med låg inntekt. Dette er ei utfordring som gjeld for heile breidda innan kultur og fritidsaktivitetar.

Det offentlege kan setje strengare krav om tilrettelegging og inkludering i frivillig sektor i samband med tilskotsordningar. Det må også jobbast med auka kunnskap og haldningar i frivillige organisasjonar. Det er viktig at frivillige organisasjonar nyttar kommunikasjonskanalar som alle kan nytte for å dele informasjon om tilboda sine.

¹ <https://vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/rapportar-og-analysar-etter-tema/kultur-og-idrett/8-mai-2021-kunnskapsgrunnlag-frivillig-sektor.pdf>

² <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocument?registryEntryId=441160&documentId=758339>

³ <https://vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv/>

⁴ <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/handle/11250/2728534>

⁵ <https://www.bergen.kommune.no/innsyn/innsyn/innbyggerhjelpen/kultur-idrett-og-fritid/fritid/barnefamiliepanelet/barnefamiliepanelet>

⁶ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/kunst-og-kulturutvikling/rapport-sporjeundersokning-frivillig-sektor-i-vestland-2020.pdf>

⁷ <https://www.samfunnsforskning.no/sivilsamfunn/publikasjoner/hovedfunn/frivillig-sektor-etter-pandemien/hovedfunn>

Kommunar, fylkeskommunar og staten må samarbeide tettare med frivilligheita for å løyse felles utfordringar. Det offentlege må i langt større grad samordne innsatsen på tvers av ulike sektorar (kultur, sosial, oppvekst, arbeidsformidling, helse..) for å kunne hjelpe fleire inn i fritidsaktivitetar. Rapporten *Frivillige organisasjonar og integrering*⁸ frå 2022 slår mellom anna fast at mange organisasjonar har behov for og ønske om meir samarbeid med det offentlege for å styrke integreringsarbeidet, og at frivillige organisasjonar har utfordringar med å rekruttere og halde på personar med innvandrarbakgrunn.

Kommunane og fylkeskommunane må sette mål om å etterleve Fritidserklæringa, som slår fast at alle barn og unge skal delta på minst éin aktivitet. Offentlege og privat eigde kulturarenaer må i langt større grad vere tilpassa behova for universell utforming, og vere rimelege å låne/leige – slik at fleire kan delta i aktivitet.

2. Møteplassar og tilgang på egna kulturarenaer for aktivitet, læring og opplevingar

Kva kjenneteiknar møteplassar der det er lagt til rette for læring og gode opplevingar?

Møteplassane for læring og gode opplevingar er universelt utforma og har ein moderne standard som legg til rette for utøving og framføring av ulike kulturuttrykk og gjennomføring av ulike kulturelle aktivitetar. Det må finnast eit mangfald av ulike arenaer, tilpassa ulike behov og grupper. Dei mindre organisasjonseigde kulturbygga – grendehus, ungdomshus og samfunnshus – er like viktige som dei store kulturhusa for å kunne ha breidde i tilboda både til dei som er deltakarar og publikum.

Sambruk- og fleirbruk og samlokalisering av arenaer for ulike fritidsaktivitetar kan vere nøkkelen til læring og samarbeid. Det profesjonelle og frivillige kulturlivet kan styrke kvarandre gjennom felles arenaer. Likeins kan samlokalisering av aktivitetar innan kultur, idrett og andre område vere med å styrke samhald, fellesskap og læring. Frå Vestland fylke har vi gode eksempel på dette frå m.a. Skakkesenteret i Etne kommune, Førdehuset i Sunnfjord kommune og Trivselshagen i Gloppen kommune

Frivilligheita og det offentlege må i større grad legge til rette for at dei som ønskjer det kan drive med eigenaktivitet, og heile tida jobbe med å redusere tersklane for å kunne delta. Kommunar og kulturfrivilligheita kan hente inspirasjon frå prosjektet «nyskapande aktivitetsanlegg», eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Tverga og Lokale og Anlægsfonden⁹.

Kommunane og fylkeskommunane har eit stort ansvar som eigar av skular. Grunnskulane og dei vidaregåande skulane er møtestader og arenaer for øving – og tidvis framsyning av kultur. Bruk av skular både på dagtid og ettermiddag er god samfunnsøkonomi, og skulebygga må planleggast utifrå dette.

Kva er dei største utfordringane og suksessfaktorane for å sikre tilgang på egna lokale og kulturarenaer?

Dei største utfordringane for å sikre tilgang på eigna kulturarenaer og lokale er dei økonomiske verkemidla. Det er eit enormt etterslep når det gjeld oppgradering og modernisering av små og store kulturarenaer, og spelemidlane til kulturbygg er svært små og har blitt redusert over tid.

Vestland fylkeskommune har to tilskotsordningar til kulturbygg. Den eine er til kulturarenaer med regionale funksjonar med fylkeskommunale midlar. Den andre er den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg, der tilskota primært går til lokale kulturbygg. I 2022 var det i Vestland godkjent søknader for over 32 mill. kr i den spelmiddelfinansierte ordninga og det var berre om lag 6 mill. kr til fordeling. Svært mange av søkjarane til ordninga må dermed vente i årevis på å kunne få tildelt midlar.

Frivilligheita melder stadig tilbake om at både offentleg og privat eigde lokale for kulturaktivitet er dyre å leige. I tillegg er skular og andre offentlege lokale ofte ikkje tilpassa behova i

⁸ <https://ideas2evidence.com/publications/frivillige-organisasjoner-og-integrering-sluttrapport-fra-utredning-av>

⁹ <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?RegistryEntryId=209054&documentId=477995>

kulturfrivilligheita. Universell tilrettelegging og dei akustiske forholda er mangelfulle både i dei offentlege bygga og i dei organisasjonseigde kulturbygga. Dette viser m.a. undersøkingar som Kulturalliansen står bak¹⁰.

Eit mål i strategien for kulturfrivilligheita kan vere å utfordre kommunar og fylkeskommunar til å vedta politikk og planar som vil styrke kulturarenaer, til liks med idretten sin anleggspolitikk. Å løfte kulturarenaer som politikkområde sett i samanheng med det større samfunnsbilete kan vere ein måte å auke suksessfaktorane knytt til lokale og kulturarenaer.

Kva slags gode eksempel finnast og korleis kan ein lære meir av kvarandre?

I Vestland har vi mange gode eksempel på kulturarenaer som dekkjer kulturlivet sine behov for både breidde og topp. Fleire av dei vidaregåande skulane i fylket har kultursalar og folkebibliotek knytt til seg, slik at både elevar og det frivillige og profesjonelle kulturlivet har nytte og glede av desse arenaene på både dagtid og kveldstid. Nye Åsane vidaregåande skule i Bergen kommune, Eid vidaregåande skule i Stad kommune og Firda vidaregåande skule i Gloppen kommune er gode eksempel på dette. Her har fylkeskommunen og kommunane gått i lag og utvikla gode modellar og arbeidsmåtar for å fremje aktivitet og sambruk.

Vestland fylkeskommune har sett i gang eit arbeid med open skule for elevar og tilgang for frivilligheita ved dei vidaregåande skulane i fylket. Gjennom prosjektet søker vi gode og berekraftige modellar for slik sambruk av skulane. Målet er å kunne setje dette i verk frå skuleåret 2024-2025.

Vestland fylkeskommune støttar og har stor nytte av arbeidet som blir gjort gjennom Huset i bygda i regi av Noregs Ungdomslag og fylkeslaga i Noregs Ungdomslag. Huset i bygda jobbar systematisk med kartlegging, oppfølging og utvikling av organisasjonseigde kulturbygg, og er ei stor kjelde til kunnskap både regionalt og nasjonalt. I strategien for kulturfrivilligheit bør Huset i bygda nemnast som modell for eit slikt arbeid, og det offentlege bør vere med å støtte oppunder denne aktiviteten.

3. Samspel mellom den profesjonelle og frivillige kulturen

Kva er erfaringane frå samarbeid og samspel mellom den profesjonelle og frivillige kulturen?

Det profesjonelle og frivillige kulturlivet er nært knytt saman, og har mange felles mål og utfordringar. Det frivillige kulturlivet er avhengig av profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar som dirigentar, instruktørar og som teknisk personale ved framсыningar og andre publikumsarrangement. Det profesjonelle kulturlivet har nært samarbeid med frivilligheita i samband med gjennomføring av både framсыningar, festivalar og andre kulturarrangement.

Samarbeidet og samspelet mellom den profesjonelle og frivillige kulturen kjem kanskje spesielt godt fram i distrikta. I Vestland har vi mange store musikk- og scenekunsthfestivalar i bygdene som er skapt i tett samspel mellom frivillige og profesjonelle.

Kulturskulane er viktige arbeidsplassar for profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar, og mange av dei er også tilsette som instruktørar eller dirigentar i det frivillige kulturlivet på kveld og helg.

Det er viktig med breie tilbod i lokalsamfunna, der profesjonelt og frivillig kulturliv blir sett i samanheng og samhandlar. Dette er viktig for rekrutteringa til det profesjonelle kulturlivet. Profesjonelle og frivillige på same scena er også med å auke publikumstilfanget. Operahuset Nordfjord i Stad kommune er eit godt eksempel der ein lykkast med dette.

Kva slags gode eksempel finnast og korleis kan ein lære meir av kvarandre?

I Vestland har vi mange gode eksempel på tett og godt samarbeid mellom profesjonelle og frivillige innan kulturlivet. Vi kan nemne store festivalar med høg kulturfagleg kvalitet som Malakoff Rockefestival på Nordfjordeid, Teaterfestivalen i Fjaler og Litteratursymposiet i Odda. Fargespill oppstod i Bergen for snart 20 år sidan for å synleggjere mangfaldet sine moglegheiter gjennom kunstnariske uttrykk, og er i dag ei satsing i mange byar og kommunar landet rundt. Edvard Grieg

¹⁰<https://static1.squarespace.com/static/5615038de4b0a283deee9de2/t/638747326db1a64d4f050ccd/1669809990591/Rapport+25+kommuner+2022+pdf.pdf>

Korene er Bergen sin største kororganisasjon med over 200 songarar i 10 ulike kor, og eit framstående eksempel på godt samarbeid mellom profesjonelt og frivillig kulturliv.

I Vestland har vi god erfaring med distriktsmusikarar, som eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunar¹¹. Distriktsmusikarane er tilsett i kommunane, og bidreg til mellom anna Den kulturelle skulesekken, det frivillige musikklivet, kulturskulen, spelemannslag, kor, korps, opera og orkester. Distriktsmusikarane er kvart semester tilgjengelege i inntil ti dagar for større konsertprosjekt med regional perspektiv, gjennom den såkalla «fylkeskvoten».

Korleis kan samspelet bli enda betre og kva vil ein oppnå med dette?

Samspelet mellom profesjonelle og frivillige kan og bør vidareutviklast. Det offentlege kan legge til rette for dette ved å skape møteplassar mellom det profesjonelle og frivillige kulturlivet, og kan tilby arbeidsplassar i t.d. kommunane der delar av stillinga kan vere knytt til arbeid ut mot frivilligheita.

Organisasjonane som representerer profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar kan ta ansvar ved å legge til rette for styrka kontakt med det frivillige kulturlivet sine organisasjonar. Likeins kan frivillige kulturorganisasjonar invitere det profesjonelle kulturlivet til samarbeid og samspel.

4. Offentlege tilskotsordningar og tiltak

Kva er dei største utfordringane med dagens ordningar og korleis kan dei bli enda betre?

Det er viktig å ha ein stadig diskusjon om forholdet mellom driftsstøtte og prosjektstøtte til det frivillige kulturlivet. Driftsstøtta skal sikre stabile forhold, og at organisasjonane på fritt og sjølvstendig grunnlag kan jobbe mot egne formål. Det er viktig at denne støtta ikkje blir eit instrument for offentlege myndigheiter sine mål.

Prosjektstøtteordningane er viktige for å stimulere til utvikling og til å løfte arbeidet med enkeltområde og ulike samfunnsutfordringar. Samtidig kan prosjektstøtte ta frå dei frivillige kulturorganisasjonane fridomen til sjølv å definere mål og innsats. Det offentlege må vere bevisst prinsippet om armlengds avstand.

Ei særleg utfordring innan tilskot til frivillig kulturliv er underfinansiering av kulturarenaer. Idretten med sine tilskotsordningar til anlegg får stor draghjelp gjennom spelemidlane til infrastruktur for aktivitet. Midlane til kulturbygg er svært små samanlikna med midlane til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. I tillegg kan frivillige organisasjonar som byggjer eller moderniserer sine kulturarenaer ikkje søkje om momsfrådrag, slik ein kan ved idrettsanlegg. Det er ei stor forskjellsbehandling, der det frivillige kulturlivet blir taparen gjennom arenaer som ikkje tilfredsstillar krava til mellom anna universell utforming, akustikk og funksjonelle arenaer for utøving og framføring av kulturuttrykk.

Ein måte for det offentlege å stimulere til utvikling av kulturlivet er gjennom bortfall av avgifter, m.a. moms. Det offentlege må nytte ulike verkemiddel i form av både driftstilskot, prosjektstøtte og reduserte avgifter for å møte økonomiske utfordringar i kulturfrivilligheita.

Kva hindrar og fremmar frivillig engasjement og kva kan gjerast for å forenkla og samordne ordningar?

Det offentlege må halde fram arbeidet med å forenkla prosessane rundt søknader og rapportering. Det er viktig at tilskotsordningane ikkje blir tilgjengelege berre for dei som har store ressursar til administrasjon. Tilskotsordningane må vere tillitsbasert, men samtidig innretta på ein slik måte at ein hindrar misbruk. Tilskudd.no er eit godt eksempel på forenkling når det gjeld statlege tilskotsordningar, og kan vere til inspirasjon for fylkeskommunar og kommunar.

Det offentlege må lyse ut tilskotsordningar med rimelege fristar for gjennomføring. Prosjektstøtteordningar med svært korte tidshorisonter er utfordrande og tar frå mange frivillige kulturorganisasjonar høve til å søkje i det heile – fordi det tar tid å planlegge og gjennomføre prosjekt. Det trengst ulike typar tilskotsordningar med både lang og kort tidshorisonter for å fremje frivillig engasjement.

¹¹ <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturformidling/distriktsmusikarane/>

Korleis kan offentlege myndigheiter få til et godt samarbeid og samspel med frivillige organisasjonar?

Det offentlege må invitere frivillige organisasjonar til møteplassar for å skape nettverk og dele kunnskap. Offentleg sektor må gjennom politikktutforminga legge vekt på verdien av samarbeid og samspel mellom offentleg og frivillig sektor, og invitere til dialog om korleis vi kan løyse felles utfordringar. Det offentlege kan også innrette tilskotsordningar med mål om å fremje meir samhandling og samarbeid på tvers.

Vestland fylkeskommune har god erfaring med å invitere frivillige organisasjonar til konferansar, digitale kurs og ulike samarbeidsforum. Fylkeskommunen har invitert alle dei regionale frivillige paraplyorganisasjonane til samarbeidskomiteen for frivilligheit, med jamlege møte, deling og felles tiltak. Frivilligstrategi for Vestland¹² slår mellom anna fast at vi skal «Møte samfunnsendringar vi står ovanfor ved å legge til rette for samskaping mellom frivillig sektor og fylkeskommunen gjennom dialog, samarbeid og medverknad». Det er viktig at det offentlege set slike mål, og skapar forum for samarbeid og samskaping.

Korleis kan verkemiddel og tiltak på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå innrettast for å bli enda betre?

Verkemidla og tiltaka må diskuterast og definerast i samarbeid med frivillig sektor. Frivilligpolitikken må bygge på kunnskap og utformast i tett dialog med frivilligheita. Det offentlege kan legge til rette for dette ved å invitere til innspel, medverknad, samskaping og ulike samarbeidsforum.

Verkemidla og tiltaka må utformast som svar på både samfunnsutfordringar og frivilligheita sine behov. Det er behov for avstemming og kalibrering om tiltaka skal gje best mogleg effekt. Det offentlege kan legge til rette m.a. ved å gjere offentlege lokale tilgjengelege, redusere husleigeprisar, yte tilskot, bortfall av avgifter og gjennom momskompensasjon,

Regionale kulturfond

Korleis kan eit regionalt kulturfond innrettast for å supplere – og ikkje overlape - ordningar som allereie finst?

Vestland fylkeskommune vedtok i møte i fylkestinget 22. juni 2022 uttale som er sendt til Kultur- og likestillingsdepartementet som gjeld regionale kulturfond. I uttalen stiller Vestland fylkeskommune seg positiv til etableringa av regionale kulturfond, og tar til orde for at det må vere høve til regionale tilpassingar av fonda -- og at dei regionale kulturfonda må vere eit supplement til det nasjonale kulturfondet.

Det er viktig at regjeringa vurderer korleis regionale kulturfond bidrar til å styrke fylkeskommunane som regionale samfunnsutviklarar, og gir fylkeskommunane eit hovudansvar i utforminga av dei regionale kulturfonda. Slik kan fonda tilpassast dei regionale skilnadane og utgangspunkta, og styrke dei unike regionane si kulturpolitiske kraft. Regjeringa må legge vekt på intensjonane frå regionreforma om å gje fylkeskommunane eit større ansvar for utvikling av kunst- og kulturtilbodet i regionane.

I arbeidet med å innrette regionale kulturfond må regjeringa gå i tett dialog med fylkeskommunane og det frivillige og profesjonelle kulturlivet. Det er viktig å legge kunnskap om dagens utfordringar, verkemiddel og tilskotsordningar til grunn i arbeidet med å utvikle regionale kulturfond. Frå Vestland har vi gode erfaringar gjennom tilskotsordninga Kulturelt utviklingsprogram (KUP) som kan vere til inspirasjon i arbeidet med regionale kulturfond.

Korleis kan eit regionalt kulturfond innrettast på ein måte som minimerer dei administrative byrdene?

Fylkeskommunane er ein betydeleg forvaltar av ulike offentlege verkemiddel, både statlege og fylkeskommunale. Som fylkeskommune har vi relevant kompetanse på og kunnskap om regionalt og lokalt kultur- og samfunnsliv. Regjeringa bør gå i dialog med fylkeskommunane om korleis fondet skal innrettast og administrerast. Det er naturleg at fylkeskommunane får ei stor rolle i forvaltninga av regionale kulturfond, ettersom fylkeskommunane allereie har regionale tilskotsstrukturar og kompetanse på det regionale kulturlivet.

¹² <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocument?registryEntryId=441160&documentId=758339>